



Innkalling til Utval for levekår

Møtedato: 17.02.2015
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16:00

Medlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er, tlf. 56171000, slik at varamedlem vert innkalla. Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---------|---|
| 01/2015 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 02/2015 | Godkjenning av møtebok |
| 03/2015 | Referatsaker |
| 04/2015 | Arbeid med introduksjonsprogram i Meland kommune |
| 05/2015 | Arbeid med individuell plan i Meland kommune |
| 06/2015 | Symjeopplæring i grunnskulen - Utgreiing av moglege tiltak på kort og lang sikt |
| 07/2015 | Førebels utkast til kapasitetsdelen i barnehageplanen |
| 08/2015 | Friluftslivets år kommune |
| 09/2015 | Kulturminneplan for Meland kommune 2016 - 2021 - Planprogram på høyring |
| 10/2015 | Revidering av retningsliner for Kulturmiddel i Meland kommune |
| 11/2015 | Vedtekter for Meland kulturskule |
| 12/2015 | Førebyggjande tiltak og oppfølging ungdom |
| 13/2015 | Status temaplan HSO |
| 14/2015 | Aktuelle saker |

14. mai 2016

Kåre Skibenes
møteleiar

Rita C. Kvalheim Sætre
sekretær

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|------------------------|-------|------------|
| Rita C. Kvalheim Sætre | | 14/4725 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 01/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|------------------------|-------|------------|
| Rita C. Kvalheim Sætre | | 14/4725 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 02/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Utval for levekår - 18.11.2014

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|------------------------|-------|------------|
| Rita C. Kvalheim Sætre | | 14/4725 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 03/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |

Referatsaker

Underliggende saker:

| Saksnummer | Tittel |
|------------|--|
| 03/2015.1 | Godkjent prosjektplan for Ungdomstrinn i utvikling (UIU) |
| 03/2015.2 | Høring - Endringer i forskrift om foreldrebetaling i barnehager |
| 03/2015.3 | Høringsbrev - NOU 2014:12 Åpent og rettferdig - prioriteringer i helsetjenesten |
| 03/2015.4 | Høyringsuttale |
| 03/2015.5 | Læringsverkstedet Maurtua AS - Tilsynsrapport 2014 |
| 03/2015.6 | Melding om tilsyn med Meland kommune 3.-4. mars 2015 - samhandling om utskrivning av pasientar frå spesialisthelsetenesta til kommunen |
| 03/2015.7 | Oversending - endeleg tilsynsrapport - Meland ungdomsskule |
| 03/2015.8 | Protokoll - møte i Helseutvalet 05.12.14 |
| 03/2015.9 | Rapport - kontroll av salsløyve - Kiwi |
| 03/2015.10 | Rapport - Kontroll av salsløyve - Rema |
| 03/2015.11 | Rapport frå tilsyn i Marihøna barnehage. |
| 03/2015.12 | Rapport frå tilsyn |
| 03/2015.13 | Rapport frå tilsyn |
| 03/2015.14 | Rapport frå tilsyn i Blåklokka barnehage |
| 03/2015.15 | Rapport frå tilsyn i Drømmehagen barnehage |
| 03/2015.16 | Rapport frå tilsyn i Lita-god familiebarnehage |
| 03/2015.17 | Rapport frå tilsyn i Læringsverkstedet Flatøybarnehage |
| 03/2015.18 | Rapport frå tilsyn i Læringsverkstedet Maurtua barnehage A/S |
| 03/2015.19 | Referat - møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland 05.12.2014 og møteplan for 2015 |
| 03/2015.20 | Referat fra møte i administrativ nemnd ved Nordhordland legevakt 26.09.14 |
| 03/2015.21 | Sett friluftsliv på dagsorden og bli en friluftslivets år kommune bli også med på kåring av årets friluftslivskommune |
| 03/2015.22 | Svar på høring om endringer i Lov om barnehagar og tilhøyrande |

| | |
|------------|--|
| | forskrifter |
| 03/2015.23 | Vestbygd skule - Tilsynsrapport og godkjenning av påbygg |

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------------------|------------|
| Helge Kvam | FA - X64, TI - &73 | 15/265 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 04/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |
| 19/2015 | Kommunestyret | PS | 25.03.2015 |

Arbeid med introduksjonsprogram i Meland kommune

Vedlegg:

Introduksjonslova

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til kommunestyret sak 57/2014.

Introduksjonsprogram gjeld målgruppa mellom 18 - 55 år. Programmet er eit lovkrav jamfør Introduksjonslova. Programinnhald er omfattande og går over 2 år, der ein kan forlenga med 1 år. Ein kan og tilby program som har kortare tidsramme der dette er vurdert som hensiktsmessig utfrå individuell progresjon.

Viser her til Integrerings- og mangfoldsdirektoratet si nettside for meir detaljert informasjon om programinnhald <http://www.imdi.no/no/Introduksjonsordningen/introduksjonsprogram/>

Status

Meland kommune har i perioden 2009 – januar 2015 busett 70 flyktningar inklusiv 19 barn. 14 av desse har flytta ut av kommunen.

I Meland har alle flyktningar mellom 18-55 år fått tilbod om og gjennomført introduksjonsprogram.

Per januar 2015 har Meland 17 personar i program. Samtlege går på norskundervisning ved Lindås lærings- og utgreiingssenter. Av dei 34 som har gjennomført program har:

- 12 fått ordinært arbeid (35 %)
- 8 er under ordinær utdanning (24 %)
- 6 har vidareføring via andre kvalifiseringstiltak v/NAV (17%)
- 2 er i morspermisjon (6 %)
- 6 har flytta til annan kommune, der ein ikkje kjenner vidare progresjon (17%)

Regjeringa si målsetting med introduksjonsprogram er at minst 55 % av deltakarane skal over i arbeid eller ordinær utdanning etter program. Nasjonale data for 2013 (jamfør link over) syner at i gjennomsnitt var måloppnåing i kommuneNorge 47 %. Slik sett har Meland kommune per tid ei tenleg fordeling av resultat av programgjennomføring.

Det er samstundes viktig å peike på at nokre av programdeltakarane har utfordringar med å få fast arbeid. Nokre vil difor ha supplerande økonomisk sosialhjelp i kortare periodar i fasar mellom midlertidige arbeidskontraktar. Sosialhjelp til denne målgruppa vert finanisert via integreringstilskot.

Moglege tiltak

Aktuelle tiltak som kan bidra til framhald med tenleg måloppnåing av introduksjonsprogram er mellom anna:

- Vurdere etablering av fagprogram VISMA Flyktning. Det er t.d. stor spreing i tidlegare skulegong balnt målgruppa. Dette krev fokus på individuell tilrettelegging og handlingsplanar. Fagprogrammet er eit verktøy som gjer det mogleg å samordne arbeidsoppgåver til den einkilde inklusiv kontrollverksemd meir systematisk og heilskapleg.
- Kontinuerleg kompetansebygging kring aktuelle nasjonalitetar/kulturar som er representert i målgruppa med omsyn til individuell tilrettelegging for best mogleg integreringsverksemd.
- Iverksette arbeid med å invitere aktørar frå næringsliv i Nordhordland til dialogmøter kring etablering av fleire ulike typar språkpraksisplassar.
- Det er trong for å intensivere vektlegging av etablert interkommunalt samarbeid med øvrige flyktningetenester i Nordhordland. Det er truleg gevinstar å hente i samhandling kring integreringsverksemda med omsyn til effektivisering, erfarings- og kunnskapsutveksling.
- Integreringsverksemd er eit samfunnsansvar som går utover arbeidsområdet til flyktningetenesta åleine. Det er difor sentralt at kommunen samordner og koordinerer ulike tenesteområder og samfunnsliv i arbeidet.
- Halde fram målsetting om å etablere flyktningane i tenlege bumiljø der infrastruktur/transport ikkje er til hinder for måloppnåing. Viktig å etablere godt vurderingsgrunnlag jamfør bruk av investeringsmidlar.

NAV v/flyktningekonsulent Tove Hagenes orienterer om introduksjonsprogram i møte samt andre aktuelle tema om integreringsverksemda. Vidare vil ein søkje å invitere ein/fleire flyktningar for å fortelje om sine erfaringar med ordninga.

Vurdering

I Meland kommune har til no alle flyktningar mellom 18-55 år fått tilbod om og gjennomført introduksjonsprogram. Rådmann vurderer at noverande måloppnåing med om lag 59 % som har gjennomført program og fått etablert fast arbeid eller ordinær utdanning er eit tenleg resultat.

Det er likevel trong for å halde fram eit kontinuerleg fokus på det samla samfunnsansvar Meland kommune har i høve integreringsverksemd. Aktuelle mål, strategiar og tiltak for å auke måloppnåing med introduksjonsprogram vert å forankre i overordna kommuneplan samt til ei kvar tid gjeldande økonomi/investeringsplan.

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek informasjon om arbeid med introduksjonsprogram til vitande. Integreringsverksemd av flyktningar er eit samfunnsansvar, og det er difor sentralt at kommunen samordner og koordinerer ulike tenestekområder og samfunnsliv i arbeidet. Aktuelle mål, strategiar og tiltak for verksemda/målgruppa vert å forankre i overordna kommuneplan og til ei kvar tid gjeldande økonomi- og investeringsplan.

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Helge Kvam | FA - H01 | 15/258 |

| | | | |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 05/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |

Arbeid med individuell plan i Meland kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til møteprotokoll Utval for levekår sak 55/2014.

Alle som har behov for langvarige og koordinerte tenester har rett til å få utarbeidd ein individuell plan (IP). Lovgrunnlag er omfattande, og er m.a. relatert til: Pasient og brukarrettighetslov, Lov om kommunale helse- og omsorgstenester, Lov om psykisk helsevern, Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen samt Barnevernlov.

Planen skal vere eit verktøy og ein metode for samarbeid mellom tenestemottakar og tenesteapparatet, og mellom dei ulike tenesteytarane. Initiativet til å få laga IP kan komme frå brukaren sjølv eller pårørande, men hovudansvaret for å utarbeide individuelle planar ligg i den kommunale forvaltninga/tenesteområde.

Når ein person har behov for langvarige og koordinerte tenester frå både kommune og spesialisthelsetenesta, er det kommunen som har primæransvaret for at det blir utarbeidd ein individuell plan. Spesialisthelsetenesta har plikt til å medverke. Kommunen skal tilby pasient/brukar ein koordinator som skal sørge for nødvendig oppfølging, samordning og framdrift i arbeidet med individuell plan.

Utgangspunktet for prosessen skal vere brukaren sitt behov for tenester, i tillegg til dei ønskjer og mål som er viktige for brukaren sjølv - i dag og i framtida. Individuell plan er brukaren sin plan. Brukaren har rett til å delta aktivt i utarbeidinga av planen.

Føremål med IP

- Individuell plan skal bidra til at tenestemottakaren får eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod.
- Det skal sikrast at det til ei kvar tid er avklart kva tenesteytar som har hovudansvaret for oppfølginga av tenestemottakaren.
- Tenestemottakaren sine mål, ressursar og behov for tenester skal avklarast. Vidare skal ein vurdere og planlegge tiltak som kan bidra til å dekke tenestemottakaren sine bilstandsbehov. Tiltaka skal koordinerast.
- Individuell plan skal styrke samhandlinga mellom tenesteytar og tenestemottakar og eventuelt pårørande, i tillegg til å koordinere mellom tenesteyting innan eit forvaltningsnivå eller på tvers av forvaltningsnivåa.

Vurdering

Kommunane i Nordhordland har etablert sams bruk av dataprogrammet Visma Flyt SamPro som verktøy for både Individuell Plan (IP) og Individuell Opplærings/Utviklingsplan (IOP).

Tilbakemeldingar tyder på at til no har erfaringane med programmet svarta til forventingane – både for aktuelle brukarar og sakshandsamarar. Nærare orientering om program og bruken av denne vert gjeven i møte av koordinator Rannveig V. Bovim.

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek informasjon om arbeid med individuell plan i Meland kommune til orientering.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------------|----------|------------|
| Reidun Elin Johannessen | FA - B03 | 14/3435 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 06/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |

Symjeopplæring i grunnskulen - Utreiing av moglege tiltak på kort og lang sikt

Vedlegg:

Udir_svomme_livredding_net

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I Formannskapet, 04.06.14, vart det i sak 41/2014 (under aktuelle saker) lagt fram ønskje om status

for symjeundervisning i kommunen. Spørsmålet vart oversendt til Utval for levekår (ULK).

På Utvalsmøte i sak 39/2014 16.09.14 vart det orientert munnleg om saka av skulefagelg rådgjevar.

Utval for levekår - 39/2014

ULK - behandling:

Dokumentet 'Status symjeopplæring Meland kommune september 2014' vart utdelt i møtet.

Framlegg til vedtak i møte frå utvalsleiar **Kåre Skibenes (Krf)**: Utval for levekår er uroa av ulikskap i tilbod om symjeopplæring mellom skulane i Meland, samt tilgang til bassengkapasitet. Utval for levekår ber rådmann snarast utgreie moglege tiltak på kort og lang sikt.

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

Vurdering

Administrasjonen vil i 2015 lage ein felles ressursfordelingsmodell for skulane. Formålet med ein slik modell er å sikre mest mogleg lik fordeling av dei økonomiske ressursane mellom skulane.

Ein slik modell krev nokre nøkkeltal. Ein del av desse nøkkeltala er fastlagt i lov- og avtaleverk, andre må ein bli eining om. Timar til symjeopplæring er døme på eit nøkkeltal ein må bli eining om. Førebels nøkkeltal for symjing er satt til: 1. til 4. trinn (40 timar) 5. – 7. trinn (30 timar) 8. - 10. trinn (30 timar) totalt 100 timar.

Nedanfor er det eit forslag til ein definisjon på symjedyktigheit frå fagmiljøa nasjonalt (sjå vedlegg). Det er viktig å understreke at denne definisjonen ikkje er vedteken som minstekrav til symjedyktigheit av utdanningsmyndigheita.

«Eleven skal kunne rulle uti på dypt vann. Svøm 100 m på magen. Stopp og hvil (flyt på mage, rull over, flyt på rygg) samlet i tre minutter. Svøm deretter 100 m på rygg.»

Skulane har i fellesskap valt å leggje nemnte definisjon til grunn for arbeid med symjeopplæringa. Skulane vil i tillegg nytte testøvingar frå rettleiinga til Udir (sjå vedlegg) som kjenneteikn på delmåloppnåing. Skulane vil prøve å få til eit tilbod med intensivt kurs i løpet av grunnskuleopplæringa, for elevar som ikkje når mål om symjedyktigheit.

Den einskilde tenestemrådeleiar må kontinuerleg gjere forsvarlege vurderingar om korleis ressursane best kan nyttast for å oppfylle elevane sin rett til grunnskuleopplæring.

Så lenge Meland kommune ikkje har tilgang til eige basseng, utanom på Rosslund skule, vil ein vere avhengig av tilbod ein får i avtale med Nordhordland Folkehøgskule.

Folkehelse – ikkje relevant.

Miljø- ikkje relevant.

Økonomi - ikkje relevant

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår støttar opp om tiltak som Rådmann har skissert.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|--------------------|------------|
| Mette Marei Træland | FA - A10, TI - &30 | 14/4081 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 07/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |

Førebels utkast til kapasitetsdelen i barnehageplanen

Vedlegg:

Barnehageplan 2015-2020 - Kapasitetsdel

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Barnehageplanen er under rullering. Førebels utkast til kapasitetsdelen vert no sendt til Utval for levekår

Vurdering

Folkehelse x

Miljø x

Økonomi x

Konklusjon

Utval for levekår tek utkastet til barnehageplanen kapasitetsdel til vitande.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek administrasjonen sitt utkast til barnehageplan for 2015-2020, kapasitetsdel til vitande».

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Bente Bing Kleiva | FA - C20 | 15/328 |

| | | | |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 08/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |

Friluftslivets år kommune

Vedlegg:

Sett friluftsliv på dagsorden og bli en friluftslivets år kommune bli også med på kåring av årets friluftslivskommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

2015 er utpeika til å vere Friluftslivets år med særleg fokus på nærmiljø, heilårs friluftsliv, fritidsfiske og kulturminne. Mottoet for friluftslivets år er: «No er det din tur» og visjonen er «Fleire ut – oftare». Hovudmålet for året er todelt:

1. å gje friluftsliv auka merksemd
2. å gje varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av innbyggjarane.

Barn, unge og barnefamiliar er viktige målgrupper.

Norsk Friluftsliv og Friluftsrådenes Landsforbund inviterar alle kommunane til å gjere vedtak om å vere ein «Friluftslivets År kommune».

Vurdering

Meland kommune har fine naturressursar for eit aktivt friluftsliv. I temaplan for Idrett, friluftsliv og folkehelse er friluftsliv og nærmiljø tiltak omtala i kapittel 6. Eit av tiltaka som er sett i verk og har fått god respons er: merking og gradering av turløyper. Dette arbeidet skal halde fram til 2019.

For å bli ein friluftslivets år kommune må følgjande punkt oppfyllest i løpet av året:

- *støtte opp om lokale arrangement og aktivitetar i Friluftslivets år.*
- *Vektleggje omsyn til friluftsliv i planarbeidet til kommunen.* Dette er allereie i gang gjennom samarbeid mellom samfunnsplanleggjaren og kulturavdelinga
- *Stimulere barnehagane og skulane til å bruke naturen i leik og læring.* Kulturavdelinga skal ha eit møte med styrarane i barnehagane i februar og vil truleg ha eit tilsvarande møte med representantar frå skulane.
- *Satse på stien som aktivitetsanlegg*
- *Bruke friluftsliv som eit positivt verkemiddel i folkehelsearbeidet i kommunen.* Det vert arbeidd med å etablere «gågrupper»
- *Arrangere Ordførarens tur, - ein open tur med ordføraren som turleiar.*

- *Stille opp til båsamtale eller anna møte med friluftsansjasjonane i kommunen.*

Fleire av punkta ovanfor er allereie under arbeid og det vil vere ein positiv stimulans å vere med på slike tiltak som er nemnd her. Dette er og svært gode tiltak for å auke aktiviteten og kan vere eit viktig bidrag til styrka folkehelse.

Dei frivillige laga har sine faste tiltak, men dei vil truleg vere positive til å legge sine aktivitetar tett opp til desse aktivitetane.

Folkehelse : positivt for folkehelsa

Miljø: ved god tilrettelegging av aktivitetane vil dette tiltaket ikkje vere negativt for miljøet

Økonomi: Ikkje vurdert

Konklusjon:

Meland kommune ønskjer å delta i Friluftslivets år.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune vil støtte opp om Friluftslivets År 2015 og arbeide for måla om å gje friluftsliv auka merksemd og varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av befolkninga. Kommunen vil: - støtte opp om lokale arrangement og aktivitetar i Friluftslivets år. – vektlegge omsyn til friluftsliv i planarbeidet til kommunen. – stimulera kommunen sine barnehagar og skular til å bruke naturen i leik og læring. – statse på stien som aktivitetsanlegg. – bruke friluftsliv som eit positivt verkemiddel i folkehelsearbeidet i kommunen. – arrangere ordførarens tur; - ein open tur med ordføraren som turleiar. – stille opp til båsamtale eller anna møte med friluftsansjasjonane i kommunen.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|--------------------|------------|
| Eirik Bouwer Utne | FA - C50, TI - &30 | 14/653 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 09/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |

Kulturminneplan for Meland kommune 2016 - 2021 - Planprogram på høyring

Vedlegg:

Framlegg til planprogram - Kulturminneplan for Meland kommune 2016 - 2021

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Utval for levekår vedtok i møte 3.6.2014, sak 27/2014, oppstart av arbeid med kulturminneplan for Meland kommune 2016–2021. I same sak blei det vedtatt at utvalet skal vere styringsgruppe for planen.

I møte den 16.9.2014, fekk utvalet fekk ei orientering om kulturminneplanarbeidet med påfølgjande diskusjon og innspelsrunde.

Kulturminneplanen skal vere ein temaplan. For slike planar er det ikkje krav om å følgje prosesskrava til kommunedelplanar i plan- og bygningslova, men ved å følgje desse opnar ein i større grad opp for brei deltaking og involvering i planprosessen. Dette er òg tilrådd frå høgare forvaltningsnivå. Det blir derfor lagt opp til å følgje desse krava i planarbeidet.

Vurdering

Å utarbeide ein kulturminneplan er eit delmål i samfunnsdelen av *Kommuneplan for Meland kommune 2014–2025*.

Kulturminneplan for Meland kommune er ei prioritert oppgåve i *Planstrategi for Meland kommune 2014–2016*:

Meland er den tredje mest veksande kommunen i Noreg. Meland er ein presskommune i høve til arealendringar. For å sikre attraktive, gode identitetsfremjande leve og bumiljø, er grønstruktur, friområde og kulturmiljø/landskap ein viktig del av arealstrategiane i kommunen. Dette heng og saman med satsingsfeltet vårt folkehelse. Målet med planen er at den skal

- Gjere eit utval av kulturminne og kulturmiljø som skal prioriterast å takast i vare for ettertida.
- Planen skal vere eit reiskap for sakshandsamarar i kommunen innan arealplanleggjing byggjesak og kultur

- *Planen skal syne døme på korleis ein kan bruke og ta vare på kulturminne i samband med reiseliv, friluftsliv og andre næringsverksemdar**

* Frå *Planstrategi for Meland kommune 2014–2016*

Ein føresetnad for å utarbeide ein kulturminneplan var at kommunen fekk ekstern stønad til arbeidet. Meland kommune ved tenesteområde kultur fekk tildeling på kr 100 000 til registreringsarbeid og kartlegging av kulturminne i 2014. Søknad om tilskot for 2015 til Hordaland fylkeskommune til utarbeiding av kulturminneplan skal leverast med frist 13.2.2015. Denne eksterne finansieringa styrkar arbeidet med planen og gjer det mogleg å utarbeide ein godt forankra kulturminneplan med breitt utsyn og høg medverknad.

Planprogrammet som ligg ved denne saka gjer greie for bakgrunnen for planarbeidet, målsetjingar med planen, rammer og føresetnader som ligg til grunn, ressursbehov og organisering av planarbeidet. Planen skal dekke heile kommunen og alle tidsepokar, men skal i hovudsak fokusere på nyare tids kulturminne som ikkje direkte blir omfatta av kulturminneloven. Planen skal delast opp etter tema og ta med seg både faste kulturminne og immateriell kulturarv. Faste kulturminne skal registrerast i eit oversyn der ein skal vurdere korleis ei prioritering og vektlegging av desse kan gå føre seg og gjennomførast i planen.

I tråd med oppstartsvedtaket for planen skal den vere vedtatt hausten 2016.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Ikkje vurdert særskild i saka.

Konklusjon

For å sikre brei deltaking i planarbeidet med god forankring i alle delar av kommunen bør kulturminneplanen følgje prosesskrava til kommunedelplanar. Planprogrammet leggjust ut på høyring i seks veker med 27. april 2015 som frist til å komme med innspel.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune legg ut framlegg til Planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune 2016–2021 på høyring. Planarbeidet er i tråd med planstrategien for Meland kommune 2014–2016.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|--------------------|------------|
| Eirik Bouwer Utne | FE - 223, TI - &00 | 15/289 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 10/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |

Revidering av retningsliner for Kulturmidlar i Meland kommune

Vedlegg:

Retningsliner for tildeling av kulturmidlar

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Retningsliner for tildeling av kulturmidlar i Meland kommune vart sist revidert i 2003, og tenestoområde kultur har sett at det er behov for ei oppdatering med tanke på pris- og utgiftsutviklinga.

Vurdering

Del 1 – samanfatning

Framlegget til revideringa går i hovudsak ut på følgjande punkt:

- Justere opp den øvre grensa for delegerte vedtak under *tilfeldige tilskot heile året* frå kr 3 000 til kr 5 000 og satsane for *tilskot til leiaropplæring* frå kr 500 til kr 1 000
- Justere opp den øvre grensa for gåver i samband med jubileum med 25-årsintervall frå kr 1 000 til kr 5 000 og ved andre jubileum frå kr 500 til kr 1 000
- Forenkling av språk og framstilling
- Endring av namn på enkelte av tildelingane for å klargjere og oppdatere til gjeldande praksis
- Omtalen av kulturprisen er tatt ut. Dette punktet var ei presisering av tildelingsfrekvensen, føresetnadane for tildeling og innmeldingsfristen i forhold til KS-sak 132/84, der prisen vart vedtatt. Ein vurderer at den opphavlege saka saman med praksis er tilstrekkeleg for å handsame tildeling av kulturpris

Del 2 – Revidering for tildeling av kulturmidlar i Meland kommune

Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar i Meland kommune

Gjennom tilskot til ålmenne kulturføremål vil Meland kommune vere med å stimulere til positive kultur-, idretts- og friluftslivsaktivitetar.

1.

Generelle vilkår

- Frivillige grupper, lag, organisasjonar og einskildpersonar kan søkje, så langt dei ikkje har fast offentleg støtte
- Tiltak retta mot barn og unge vert prioritert
- Aktivitetar og tiltak går framfor drift
- Avgjerd for tilskot skjer i Utval for levekår, jf. punkt 2
- Meland idrettsråd er høyringsorgan for tilskot til idrett og drift av idrettsanlegg
- Meland ungdomsråd er høyringsorgan for tildeling av dei ålmenne kulturmidlane
- Alle lag og organisasjonar som får tilskot skal gje gratis tilgang for følgjepersonell til sine aktivitetar for personar med følgjekort
- Tilskot som har gått til tiltak der krava til tildeling ikkje lengre er til stades innafor ein periode på 10 år, skal betalast tilbake med ein reduksjon på 10% per år sidan tilskotet vart tildelt
- Ein kan krevje søkjar for etterrapportering av tildelte midlar ved behov

1.1

Ålmenne kulturmidlar

Dei ålmenne kulturmidlane blir tildelt etter søknad éin gong årleg, med søknadsfrist 1. mars

- Tilskot til andre lag
- Tilskot til barne- og ungdomsarbeid
- Tilskot til forsamlingshus
- Tilskot til friluftslivstiltak
- Tilskot til idrett og drift av idrettsanlegg
- Tilskot til kulturminnevern
- Tilskot til leikeplassar
- Tilskot til song og musikk

I vurderinga av søknadane skal ein leggje vekt på det følgjande

- Aktivitetsnivå
- Tal på medlemmar som er busett i Meland og særleg barn og unge
- Ein eigeninnsats som står i høve til driftsutgiftene.

Det er eit krav til søknaden at søkjar kan dokumentere

- Drift av laget/organisasjonen/aktiviteten ved årsmelding og rekneskap
- Budsjett, finansieringsplan, skildring og kort behovsvurdering av tiltaket ein søker tilskot til

1.2

Tilfeldige tilskot heile året

A: Underskotsgaranti

Ein kan søkje om underskotsgaranti opp til kr 5 000 til kulturarrangement tilskipa av lag og organisasjonar, inntil to gongar årleg. For dekking av større beløp eller til fleire arrangement skal søknadane leggjast fram for Utval for levekår.

B: Leiaropplæring

Lag og organisasjonar kan søkje om dekking av kursutgifter til leiaropplæring og kompetanseheving med opp til kr 1 000 for kvar av opp til ti deltakarar i året.

C: Stipend

Ungdom, som er mellom 13 og 19 år i søknadsåret og som syner gode prestasjonar innafor kultur- og idrettsområdet, kan søkje om stipend til vidareutvikling opp til kr 5 000. For større stipend skal søknaden leggjast fram for Utval for levekår

D: Deltaking i konkurranse

Ein kan søkje om tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap innafor kulturfeltet opp til kr 5 000. For større tilskot skal søknaden leggjast fram for Utval for levekår

E: Andre søknadar til tiltak innafor kulturfeltet

Ein kan søkje om tilskot til andre tiltak innafor kulturfeltet opp til kr 5 000. For større tilskot skal søknaden leggjast fram for Utval for levekår

1.

Jubileumsgåver

Lag og organisasjonar kan få tildelt ein gåve i samband med jubileum med følgjande gåveverdi

- Jubileum med 25-års intervall opp til kr 5 000
- Andre jubileum opp til kr 1 000

2.

Administrasjonen får fullmakt til å handsame søknadar under 1.2 – A, C, D og E – etter gjevne satsar opp til kr 5 000 og 1.2 – B etter gjevne satsar opp til kr 10 000. Søknadar over dette skal leggjast fram for Utval for levekår. Søknadar til ålmenne kulturmidlar, jf. 1.1, skal leggjast fram for Utval for levekår etter eit formøte mellom representant for tenesteområde kultur og leiar og nestleiar i utvalet.

3.

Dei ålmenne kulturmidlane og dei tilfeldige tilskota gjennom budsjettåret går over art. 14 700 under ansvara 500 – 504.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Ikkje vurdert særskilde i saka

Konklusjon

Ved å revidere retningslinene for kulturmidlar vil ein stå sterkare i arbeidet med å støtte den omfattande frivillige innsatsen i kommunen.

Framlegg til vedtak:

Retningsliner for kulturmidlar i Meland kommune vert godkjend slik dei ligg føre i del 2 av vurderinga

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|--------------------|------------|
| Bente Bing Kleiva | FA - A30, TI - &00 | 15/292 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 11/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |

Vedtekter for Meland kulturskule

Vedlegg:

Vedtekter frå 1. januar 2011

Vedtekter frå 1. mars 2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kulturskule har skifta administrasjonssystem, dette gjer at einskilde punkt no ikkje lenger er relevante og einskilde punkt i vedtektene må endrast for å vere i tråd med dei faktiske forholda.

Vurdering:

Grunna det nye administrasjonssystemet for kulturskulen må følgjande punkt endrast. Pkt. 3 og 4. Det vert og føreslege å endre pukt 23 av pedagogiske omsyn.

Gjeld pkt 3.: Overgang til datasystemet speedadmin.dk gjer at foreldra hakar av for å ha lese vedtektene og det gjer stadfesting av motteken plass overflødig då vi tidlegare sendte vedtektene med opptaksbrevet.

Gjeld pkt 4.: overgang til speedadmin.dk der kvar heim re-registrerer alle aktive elevar kvar vår og oppdaterer kontaktinformasjon, klassetrinn og skule i tillegg til om eleven ønskjer å halde fram/ søkje permisjon/ endre kurs/ melde seg ut. Etter mange påminningar (e-post, SMS og evt per telefon) om reregistrering mister ikkje-re-registrerte elevar plassen.

Gjeld pkt. 23.: Siste veka før jul opplever kulturskulen stort fråvere då grunnskulane har kveldsarrangement og dei frivilljuge laga har avslutningar av ymse slag. Kulturskulen ønskjer å bruke denne personalressursen til å skipe konsertar og framsyningar, å følgje opp elevar som deltek på eksterne arrangement som UKM og Hordablæsten, til møteverksemd, personalmøte, kompetanseheving og planarbeid i staden for det som vert venting på elevar som ikkje kjem då dei er oppteken på anna hald.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Ikkje særskilt vurdert i saka.

Konklusjon

Punkt 3, 4 og 23 vert endra til følgjande tekst:

3. Påmeldinga til kulturskulen gjennom www.meland.kommune.no er bindande og dei føresette stadfester i søknaden at dei har lese kulturskulen vedtekter . Dersom eleven likevel ikkje ønskjer tildelt kulturskuleplass pliktar dei føresette å melde frå umiddelbart.

4. Oppeiing må skje skriftleg og innan fastsette fristar. Fristane er **1. mai** når ein skal

slutte til sommaren, og **1. november** når ein skal slutte til jul. **Alle heimar må re-registrere eleven kvart år i innan 1. mai og elevar som ikkje vert re-registrerte mistar plassen i kulturskulen frå påfølgande skuleår.**

23. Kulturskulen følgjar same skulerute som grunnskulen i Meland kommune, **med unnatak av siste veka før juleferien då det ikkje er ordinær kulturskuleundervisning.**

Elevane pliktar å møta presis og førebudd til undervisningstimane. Sjukdom eller anna tvingande grunn til fråvær skal det om mogeleg gjevast melding om på førehand til eleven sin lærar, eller ved melding på første frammøte etter fråværet. Elevane kan ikkje få att timar dei har skofta

Framlegg til vedtak:

Vedtektene for Meland kulturskule vert endra på punkt 3, 4 og 23. dei øvrige punkta vert ståande som i vedtektene frå 2011.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|----------|------------|
| Helge Kvam | FA - C14 | 15/144 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 12/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |
| 20/2015 | Kommunestyret | PS | 25.03.2015 |

Førebyggjande tiltak og oppfølging ungdom

Vedlegg:

Oppfølging - kjernegruppe for ungdomsskule

Oppfølging påtaleunntatelse med vilkår - Butikknaskeri

Oppfølging påtaleunntatelse med vilkår - Hasjavvenningsprogram

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til Kommunestyret sak 67/2014 «Samarbeidsavtale om ungdomsstraff og oppfølging i konfliktråd». I tillegg til nemnde arbeidsform inviterer lensmann i Nordhordland til ytterlegare samhandling med kommunane i region med omsyn til førebyggjande tiltak og oppfølging ungdom.

Lensmann har via felles politiråd i Nordhordland den 05.12.14 gjeve orientering om 3 moglege tiltaksområde jamfør vedlegg. Dette gjeld etablering av kjernegruppe på kvar ungdomsskule samt oppfølgingstiltak ved lovbrøt (ungdom) der ein kan iverksette påtaleunntatelse med vilkår.

- A. Kjernegruppe - lensmann ønsker å prioritere politikompetanse til kvar einiskild ungdomsskule samt vidaregåande skule i region. Meland kommune vil slik få fast politiresurs knytta til Meland ungdomsskule samt Rossland barne- og ungdomsskule. Fokus vil mellom anna vere tettare tverrfagleg samhandling med kommunale instansar kring førebyggjande innsats, nærleik til ungdomsmiljø samt foreldre/pårørande. Lensmann ønskjer slik å bidra meir aktivt inn mot ungdomsmiljø før individuelle utfordringar og handlingar krev reaksjon via straffesak.

Meland kommune har lang erfaring med tverrfaglege samarbeidstiltak relatert til skule via t.d. skulehelseteam. Arbeidsform er slik kjent og ein vil kunna nytte erfaringsgrunnlag for å drøfte tenleg arbeidsform med lensmann ved etablering av kjernegruppe.

- B. Oppfølgingstiltak ved påtaleunntatelse med vilkår – lensmann ønskjer å gje ungdom i region like rammevilkår for oppfølgingstiltak ved lovbrøt i ung alder. Dette gjeld til dømes butikknaskeri og rusrelaterte saker. Kombinasjon av generelle informasjonstiltak og like rammer for rask konsekvenshandtering og oppfølging på individnivå uavhengig kommunegrensar (mobilitet) vil kunne ha førebyggjande

verknad på kort og lengre sikt.

Lensmann peiker mellom anna på «Ungdomskontakten Salto» som mogleg utførar av oppfølgingstiltak på vegne av kommunen. Noverande samarbeidsavtale for tiltaket gjeld for perioden 2013-2015. Den einskilde kommune må sjølv vurdere om ein vil handtere oppfølgingstiltak lokalt i kommune eller sende førespurnad om utføring via interkommunalt tiltak. Om det vert aktuelt å be «Ungdomskontakten Salto» om å bistå med oppfølgingstiltak må dette avklarast nærare t.d. med omsyn til samla ressursituasjon, prioriterte målgrupper og arbeidsform. Det er Lindås kommune som har ansvar som vertskommune.

Vurdering

Rådmann er positiv til auka samhandling med aktørar som har fokus på tenlege oppveksvilkår for ungdom, og som kan bidra til at ungdom som har ulike typar utfordringar kan få naudsynt bistand utfrå individuelle vilkår og i samhandling med pårørnde.

Resultat frå Ungdomsundersøking seinare år syner mellom anna at det er ein føremon med eit mangfald av parallelle tiltak på ulike nivå. Særskilt er det viktig å støtte opp om foreldrerolla si sentrale betydning. Invitasjon frå lensmann i Nordhordland er difor eit ytterlegare bidrag til å samhandle med ungdomsmiljø, den einskilde ungdom og deira pårørnde/foreldre. I tillegg vil tverrfagleg samarbeid vere kompetansejevande for alle partar.

Både i høve lokale kjernegrupper og oppfølgingstiltak ved påtaleunntatelse med vilkår bør utføringar primært skje lokalt i kommunen. Lensmann har peika på det interkommunale tiltaket «Ungdomskontakten salto» som mogleg utførar av oppfølgingstiltaka ved lovbrøt. Rådmann vurderer at kommunen sjølv bør etablere erfaringsgrunnlag med arbeidsform og omfang før ein vurderer å rette førespurnad til «Ungdomskontakten Salto». Parallelt må ein halde fram samhandling og kompetanseutveksling med Ungdomskontakten vedkomande same målgruppe. Samla vurdering av «Ungdomskontakten Salto» sine ressursar, målgruppe og arbeidsform vert å ta stilling til ved etablering av ny avtaleperiode frå 2016.

Rådmann tilrår at kommunestyret er positiv til at det vert etablert lokale samarbeidsfora (kjernegruppe) med politikompetanse på den einskilde ungdomskule. Vidare vil rådmann tilrår at aktuell/e tenesteområde/r bistår med tenlege oppfølgingstiltak som bidrar til at politimynde kan iverksette påtaleunntatelse med vilkår i saker der ungdom er involvert. Når det gjeld praktisk utføring av rutinar/prosedyrer for ulike typar oppfølgingstiltak og arbeidsformer vert desse å avklare med lensmann. Det er vidare ein føremon at ein finn fram til tenlege kriterium for evaluering av ordninga på kort og lengre sikt.

Folkehelse – betydning for oppvekstvilkår for ungdom

Miljø – ingen merknad

Økonomi – må primært handterast innan gjevne økonomiske rammer for 2015.

Erfaringsgrunnlag og ressursituasjon må deretter vurderast i høve ordinær budsjetthandsaming frå 2016.

Konklusjon

Rådmann tilrår at kommunestyret er positiv til førespurnad om samarbeidstiltak med lensmann i Nordhordland jamfør vedlegg.

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret er positiv til at det vert etablert tverrfaglege samarbeidsfora (kjernegruppe) med politikompetanse på ungdomsskulane i kommune.
2. Kommunestyret er positiv til at rådmann sikrer at aktuelle tenesteområde etablerer tenlege oppfølgingstiltak/team som bidrar til at politimynde kan iverksette påtaleunntatelse med vilkår i aktuelle saker der ungdom er involvert.
3. Målsettinga med tiltaka over er mellom anna å styrkje tverrfagleg samhandling kring oppveksvilkår for ungdom, samt at ungdom som har ulike utfordringar (t.d. utprøving av kriminalitet og rusatferd) kan få naudsynt bistand utfrå individuelle føresetnader i nær samhandling med pårørande/foreldre.
4. Kommunestyret ønskjer at det vert etablert kriterium for evaluering av ordninga, og at det vert gjeve årleg orientering om utvikling.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------------------|------------|
| Helge Kvam | FA - G10, FE - 144 | 15/361 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 13/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |

Status temaplan HSO

Vedlegg:

Løypemelding til ULK 17.02.15 - temaplan HSO

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til Utval for levekår sak 54/2014.

Kommuneplan 2014-2025 har overordna retningsval - **kor vil vi**. Nokre av desse er særskilt relatert til tema helse, sosial og omsorg:

- Vi skal yte tenester med god kvalitet basert på respekt og toleranse for den einskilde brukar.
- Vi skal gje barn og unge best mogleg tilbod for å førebyggje fysisk og psykiske sjukdomar.
- I Meland skal det vere godt å bu i alle livssituasjonar. Vi skal ha attraktive og varierte bumiljø.
- Meland kommune skal gje tilbod til menneske med ulike hjelpebehov i alle aldrar, i form av pleie- og omsorgstenester og bustader med god kvalitet.
- Ta vare på og rekruttera fagpersonell. Opplæring og kompetansehevande tiltak i alle grupper.

Nemde mål er og presisert med - **kva gjer vi** – som skal vere gjeldande i kommuneplanperioden.

Momenta i **kva gjer vi** er tenkt presisert i temaplan med eigne mål og strategiar for HSO i komande 4 årsperiode 2015-2018.

Det vert gjeve løypemelding/oppdatering på status i møte, kombinert med gjennomgong av aktuelle mål og strategiar jamfør vedlegg.

Vurdering

Folkehelse
Miljø

Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek løypemelding om Temaplan HSO 2015-2018 til orientering. Administrasjon innarbeider innspel frå møte i det vidare planarbeidet.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|------------------------|-------|------------|
| Rita C. Kvalheim Sætre | | 14/4725 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 14/2015 | Utval for levekår | PS | 17.02.2015 |

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak: